



Reigstad Bygg og Eigedom as

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1783 - 15/21360

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

27.11.2015

## GBNR 41/20 - Orientering om klage frå Fylkesmannen i Hordaland

Administrasjonen viser til vedlagt klage frå Fylkesmannen i Hordaland. Klagen gjeld dispensasjon for etablering av tilkomstveg gitt av Utval for drift og utvikling (UDU) i møte 3.11.2015, sak 78/2015. Dette inneber at dispensasjonen frå UDU ikkje er rettskraftig før klagen er handsama i samsvar med forvaltningslova.

Som følgje av klagen vil saka bli fremma på nytt for UDU av administrasjonen. Dersom UDU ikkje tek klagen til følgje vil endeleg klagehandsaming skje ved settefylkesmann, som vert oppnemnt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Vegtiltaket må setjast i verk av tiltakshavar før det ligg føre rettskraftig dispensasjon, løyve etter pbl kap 20, og løyve etter jordlova § 9.

Kommunen tek sikte på å fremme nytt saksframlegg for UDU til behandling i møte som truleg vert 19.1.2015, men dato er ikkje endeleg fastsett.

På bakgrunn av at jordlovsvurderingar står sentralt både i løyvet til UDU og grunngjevinga for klagen, vil administrasjonen for opplysning av saka innhente uttale frå tenesteområde landbruk. Tiltaket krev løyve til omdisponering av dyrka mark etter jordlova § 9. Nokon slik søknad er ikkje sendt inn, men administrasjonen vurderer at UDU sitt løyve og innhaldet i klagen tilseier at det vert gjort ei førebels vurdering av dette no.

I samband med klagehandsaminga gir administrasjonen tiltakshavar frist til **18.12.15** for eventuelle merknader frå tiltakshavar knytt til klagen og vurderinga etter jordlova § 9.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage -over dispensasjon på tilkomstveg

**Mottakere:**

Reigstad Bygg og Eigedom as